



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/257727-5

Dykkar referanse:
16/9764

Vår dato:
29.08.2016

Uttale – Innspel til arbeidet med kommunal planstrategi for Radøy kommune – 2016–2020

Statens vegvesen syner til brev datert 2. august 2016 med varsel om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi i Radøy kommune for perioden 2016 – 2020.

Våre innspel til Radøy kommune sin kommunale planstrategi tek utgangspunkt i plan- og bygningslova § 10 – 1, rettleiar T – 1494 (2011) og statlege og regionale føringar for planarbeidet i kommunane. Vår rolle i planlegging er både som forvaltar av riks- og fylkesveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Overordna føringar som er viktige for kommunen sitt planarbeid:

- Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Nasjonal transportplan
- Regionale planar, mellom anna
 - Regional plan for attraktive senter
 - Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest
 - Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland (2014 – 2017)
 - Regional plan for Hordaland
- Statens vegvesen sine vegnormalar

Statens vegvesen har særleg fokus på problemstillingar knytt til trafikktryggleik, trafikkavvikling, trygg skuleveg og tilbod til mjuke trafikkantar.

Konkrete innspel til planstrategien:

Radøy kommune har vedteke samanslåing med Lindås og Meland og ber i denne omgang særleg om synspunkt frå nabokommunane om utfordringar og planoppgåver på tvers av

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

kommunegrensene. Kommunen har lagt ved Samfunnsdelen av kommuneplan for Radøy som grunnlagsdokument for den nye planstrategien.

Planstrategien skal vere eit verkty for å definere ulike strategiar for utvikling av kommunen. Vi rår til å vere overordna i denne del av plansystemet, og heller arbeide godt med mål og visjonar slik at retning og strategiske val som kommunen står ovanfor kjem tydleg fram. Kva er dei viktigaste utfordringane kommunen står ovanfor, og har kommunen til dømes særlege satsings og fokusområder som skal løftast fram?

I høve til samfunnsdelen av kommuneplan for Radøy, rår vi til å ha «Samferdsle» som eige tema i planstrategien.

Vidare vil det i samband med drøfting av langsiktig arealbruk vere relevant å avklare korleis kommunen vil byggje ut i høve til infrastruktur. Til dømes vil det vere viktig å plassere utbyggingsføremål der ein har godt tilbod til mjuke trafikkantar, og nær viktige servicefunksjonar som skule, butikk mv.

Vi vil oppmode om tilpassa medverknad under planarbeidet, dette vil bidra til å forankre planstrategien politisk og administrativt og sikre gjennomføring av planen. Vi vil også anbefale å nytte «Planforum» som verkty for å få innspel til kommunen sitt planarbeid.

Vi ynskjer lukke til med planarbeidet!

Plan og forvaltningseksjonen, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN